

REGULERINGSFØRESEGNER TIL REGULERINGSPLAN FOR GJERDSVIK NAUSTOMRÅDE DEL AV GNR. 11, BNR. 1 OG GNR. 15, BNR. 1

 Ny tekst
 Tekst som utgår

Generell omtale av planen

Dei regulerte områda er vist med reguleringsgrense på plankartet. Innafor dei regulerte områda skal arealbruken vera som det går fram av plankartet. Desse føresegnene utgjer saman med plankart datert 04.03.2015, **sist revidert 21.12.2017** reguleringsplan for området.

Føremålet med planen er å leggja til rette for naust og småbåthamn med tilhøyrande kai og natur- og friluftsføremål i Gjerdsvik, Osvåg i Etne kommune.

Areala innanfor plangrensa er regulert til område for:

		Areal (da)
BYGNINGAR OG ANLEGG (PBL §12-5 nr. 1)		
- Småbåtanlegg i sjø og vassdrag, BSB	1.35	1.79
- Småbåtanlegg i sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone, BBS	1.29	0.45
- Naust, BUN		0.74
SAMFERDSLEANLEGG OG TEKNISK INFRASTRUKTUR (PBL §12-5 nr. 2)		
- Veg, SV		0.50
- Annan veggrunn – teknisk anlegg, SVT		0.07
- Parkeringsplass, SPA		0.16
LANDBRUKS- NATUR- OG FRILUFTSFØREMÅL (PBL §12-5 nr. 4)		
- Naturføremål, LN		0.20
- Friluftsføremål, LF		1.56
BRUK OG VERN AV SJØ, VASSDRAG OG STRANDSONE (PBL §12-5 nr. 6)		
- Bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone, V		0.09
- Friluftsområde i sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone, VFS	2.40	2.88
OMSYNSSONER (PBL § 12-6)		
- Sikringssone – Frisikt, H140		
- Omsynssone – bevaring naturmiljø, H560		
Arealet av heile planområdet:	8.74	8.44

§1 Fellesføresegner

- 1.1. Om det vert gjort funn av automatisk freda gjenstandar eller konstruksjonar under arbeid med tiltak i planområdet, må arbeidet straks stogkast og kulturminnestyresmakt varslast for nærare gransking, jf. Kulturminnelova §8, andre ledd.
- 1.2. Den funksjonelle strandsona er i plankartet avgrensa med ei byggjegrænse mot sjø, som erstattar den generelle byggjeforbodssona på 100 meter og byggjegrænse i kommunedelplan for Etnesjøen 2011 – 2023. Båtopptrekk og kai er i plankartet innlemma i byggjegrænse mot sjø, medan naust ligg utanfor funksjonell strandsone fastsett i kommunedelplanen.
- 1.3. Tiltak som bygging, graving, utfylling og andre tiltak som kan påverke tryggleiken eller framkomsttilhøva i sjøområde krev løyve frå kommunen. Kommunen kan ikkje gje løyve til tiltak som vil stride mot hamne- og farvasslova, jf. Hamne- og farvasslova §27, første ledd.
- 1.4. Alle tiltak som fell inn under hamne- og farvasslova sine føresegner skal godkjennast av rette hamnemynde.
- 1.5. Alle tiltak i sjø og vassdrag som er omfatta av forureiningslova eller forureiningsforskrifta treng løyve frå forureiningsstyresmaktene.
- 1.6. Prinsippet om universell utforming skal leggjast til grunn ved opparbeiding av parkering og tilkomst til naustområdet.

§2 Område for bygningar og anlegg:**2.1. Småbåtanlegg i sjø og vassdrag, BSB1 og BSB2**

- 2.1.1. Småbåtanlegg skal prosjekterast og dimensjonerast for å tole påkjenning frå vind og bølger. Det må leggjast fram dokumentasjon om at anlegget er planlagt og dimensjonert av personell som har kompetanse innan fagfeltet. Dokumentasjonskravet gjeld òg for personell som skal leggja ut flytebryggje. /pir.
- 2.1.2. Innanfor fel BSB1 kan det etablerast 20 båtplassar, som vis på plankartet. ~~øpp til pir med plass for ein båt pr. naust innafor BUN1 og BUN2. Pirane~~ Bryggjene kan justerast inntil 1.0 meter i høve til føremålsgrensene.
- 2.1.2. Innafor område, BSB1 kan det leggjast opp til småbåttrafikk inntil småbåtanlegga i planen.
- 2.1.3. **Innanfor område, BSB2 ligg eksisterande kai. Det er tillate med fortøying og ferdsel av ein båt for gnr./bnr. 15/1 og ein båt for gnr./bnr. 15/2.**
~~Innafor område, BSB2 kan det leggjast ut flytebryggje med plass for 8—10 småbåtar.~~

2.2. Småbåtanlegg i sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone, BBS1 – BBS4

- 2.2.1. Innafor områda f_BBS1 og f_BBS2 kan det byggjast kai i natursteinsmur som del av fylling, eller som rekonstruksjon i fyllingstoppen. Kaien er felles for naustrekkja BUN1 og BUN2, og skal sikre tilgjenge på framsida av naustrekkja, og vere ålmenn tilgjengeleg.
- 2.2.2. ~~Innafor område BBS3 kan det leggjast opp til småbåttrafikk inntil BSB2, og det kan etablerast utriggarar i området.~~
- 2.2.3. Innafor område f_BBS3 kan det leggjast opp til felles båtopptrekk for BUN1 og BUN2, ~~samt eventuelle brukarar av BSB2 og BBS3—BBS4.~~
- 2.2.4. Innafor område BBS4 ligg eksisterande kai som kan oppretthaldast.

2.3. Naust, BUN1 – BUN4

- 2.3.1. Innafor områda kan det førast opp naust, der eksisterande naustrettar knytt til Gjerdsgardane innafor BUN1 og BUN2 skal byggjast i samanheng. Naust skal nyttast til oppbevaring av båtar, samt båt- og fiskeutstyr.
- 2.3.2. Naust i grupper innafor BUN1 og BUN2 skal ha same utforming, og storleiken på nausta skal maksimalt vere 40 m² grunnflate. Nausta skal ha maksimal mønehøgde på ~~5.0~~ 4,5 meter målt på frontvegg mot sjø, og ferdig gulv skal liggje på maksimalt kote +1.5.
- 2.2.3. Innafor BUN3 kan det byggjast nytt naust i samanheng med naust innafor BUN4. Naust skal maksimalt vere 40 m² grunnflate, og skal nyttast til

oppbevaring av båtar, samt båt- og fiskeutstyr. Naust skal ha maksimal mønehøgde på 5-0 4,5 meter målt på frontvegg mot sjø, og ferdig gulv skal liggje på maksimalt kote +1.5.

- 2.3.4. Innafor BUN4 ligg gamle SEFRAK- registrerte naustmurar, der det i dag står att eit naust på sørlegste del. Dette nauset kan rivast og byggjast opp att på murane. På nordlegste del av murane kan det førast opp eit nytt naust. Nausta skal framstå som eitt, med møna tak. Maksimal mønehøgde er 5-0 4,5 meter målt på frontvegg mot sjø.
- 2.3.5. Naust skal ha saltak med ein takvinkel på mellom 35 og 45 grader. Altan/ utkraging er ikkje tillate. Dagslysflata skal ikkje overstiga 3 %.
- 2.3.6. Det er ikkje tillate med gjerder, lévegg eller andre stengsle i naustområdet, og nausta skal ikkje brukast til overnatting.
- 2.3.7. Bygningane skal tilpassast lokal byggjeskikk og oppførast som tradisjonelle naust. Byggjemateriale skal vera tre eller stein, og det skal brukast mørke dempa fargar tilpassa eksisterande miljø. Fasade mot sjø skal ha sidehengsla tett naustdør. Taktekking skal vera takstein, skifer eller anna naturmateriale.
- 2.3.8. Det kan leggjast opp til el- installasjonar og vassleidning inn til nausta, samt til felles kloakkanlegg til sjø. Drikkevatt skal vere frå godkjent vassverk.

§3 Område for samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur :

3.1. Veg, f_SV1 og f_SV2

- 3.1.1. Vegane er private felles vegar for nausta innafor planområdet.
- 3.1.2. Veg, f_SV2 skal sikre tilkomst til båttopprekket med bil og tilhengar.

3.2. Annan veggrunn – teknisk anlegg

- 3.2.1. Innafor området kan det byggjast mur i samband med bygging av veg, f_SV1.

3.3. Parkeringsplass, f_SPA

- 3.3.1. Innafor området kan det byggjast felles parkering for nausta innafor planområdet.

§4 Landbruks- natur- og friluftsføremål:

4.1. Naturføremål, LN1 – LN3

- 4.1.1. Innafor areala skal det setjast av eit vegetasjonsbelte langs bekkane.

4.2. Friluftsføremål, LF1 – LF3

- 4.2.1. Områda skal setjast av til friluftsføremål med tilgjenge for ålmenta.
- 4.2.2. Omsynssone H560 ligg delvis over område LF1. Sjå punkt 6.2 nedanunder.

- 4.2.3. Innafor LF2 og LF3 kan det leggjast til rette for at båtar blir sett inn i naust frå landsida.

§5 Bruk og vern av sjø og vassdrag:

5.1. Bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone, V1 og V2

- 5.1.1. Innafor områda skal det leggjast vekt på å unngå inngrep i bekkane.

5.2. Friluftsområde i sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone, VFS

- 5.2.1. Innafor området skal det vere ope for allmenn ferdsle i sjø og i strandsone.

§6 Omsynssoner:

6.1 Sikringszone – Frisikt, H140_01 og H140_02

- 6.1.1. Innafor området skal det vere fri sikt i ei høgd på 0,5 meter over primærvegen sin køyrebane.

6.2 Omsynssone H560 – Bevaring av naturmiljø

Sør for planområdet er det registrert dvergålegras i sjø. Omsynssona, H560 omkring dette, ligg innanfor planområdet. Det er ikkje tillate å setja i gang tiltak, verken på land eller i sjø, som kan skade, øydeleggje, dekke til dvergålegraset eller framkalle fare for at dette kan skje.

§7 Rekkjefølgjekrav:

- 7.1 . Det kan ikkje fyllast ut i sjøen før det er gitt løyve til dette frå vedkomande styresmakt.
- 7.2. Det ligg ein mindre bekk midt i planområdet som må leggjast om eller leggjast i røyr før utfylling i sjø vert i verksett.
- 7.3. Før det vert gjeve bruksløyve skal frisiktsoner, avkøyrsløse og parkering vera opparbeidd og godkjend av Etne kommune.